

Fra: Einar Aase
Sendt: onsdag 22. februar 2023 13:02
Til: Kjell Inge Frotvedt
Emne: SV: Byggesak 21/10055

Hei,

Takk for tilbakemelding angående djupne i framkant av sjø, samt parkering.

Det må, som vist til i mangelbrev, søkjast dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone» dersom tiltak strekk seg ut i dette føremålet. Søknad må elles svare ut dei andre punkta som er lista opp i mangelbrevet. Ettersom tilhøve til parkering og verneplan her er svart ut, er det altså punkt 1 og punkt 3 som må svarast ut.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Kjell Inge Frotvedt <kjellingefr@gmail.com>
Sendt: tirsdag 14. februar 2023 11:46
Til: Einar Aase <enar.aase@alver.kommune.no>
Emne: Re: Byggesak 21/10055

Hei,

Takk for e-post fra deg.

Jeg vil representere Franch Andersen videre i denne saken.

Det aktuelle naust er tilhørende til det gårdsbruk som Franch Andersen driver. Det ligger på hovedeiendommen og rett nedfor bolighuset. Han har parkering ved bolighuset og benytter steinsatt gangveg ned til naustet - ca 60 meter. Det er ikke opparbeidet kjøreveg ned til naustet.

Det er ikke større maksdybde enn 1,50 m utenfor kaiens yttergrense. Hva skal det da søkes av dispensasjoner?

Vennlig hilsen

Kjell Inge Andersen Frotvedt

tir. 14. feb. 2023 kl. 11:08 skrev Einar Aase <ainar.aase@alver.kommune.no>:

Hei,

Sender e-post angående byggesak 21/10055 på gbnr.85/5. Var nett i kontakt med tiltakshavar på telefon. Han ynskja at dialog i sak skulle gå med deg. Har tidlegare har eit par e-postar angående saka. I den samanheng etterspurde vi dokumentasjon på fullmakt for at du skal ha tilsendt informasjon og stå som søkjar/representant i saka. Har fått avklart munnleg i dag om at du representerer han i saka. Sender i den anledning mangelbrev i saka som var sendt ut 23.12.2022. Frist for mangelbrev vert med dette sett til **20.03.2023**. Set pris på ei stadfesting på at dette er rett forstått, og at mangelbrev er mottatt.

Sjå vedlegg.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

